

# **Planstrategi for Vågå kommune 2020-2024**

**Vedteke i kommunestyret, 15.12.20, sak 68/20  
Jf plan- og bygningsloven § 10-1**



**VÅGÅ  
KOMMUNE**

## **Forord**

Føresegna om kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningslova av 27.06.2008. Dokumentet skal vere eit overordna politisk styringsdokument og det er lagt vekt på at dokumentet skal vere enkelt og kortfatta. Planstrategi skal bidra til ein forenkling av planverket. Vi treng ikkje å ha planar for alt, men vi må ha det på dei områda der vi skal sette inn ekstra ressursar og arbeidskraft.

Det blir samstundes tatt omsyn til endringar i samfunnet generelt og i kommunen, som må vurderast i samband med vedtak av ny planstrategi.

## Innhald

|                                                                                    |    |
|------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Forord .....                                                                       | 1  |
| Innleiing .....                                                                    | 3  |
| Kommunal planstrategi i Vågå .....                                                 | 4  |
| Nasjonale, regionale og kommunale føringar .....                                   | 5  |
| Regional planstrategi .....                                                        | 6  |
| Kommunebiletet for Vågå kommune .....                                              | 7  |
| Grøne område: .....                                                                | 7  |
| Gule område: .....                                                                 | 8  |
| Raude område: .....                                                                | 8  |
| Folkehelseoversikt og folkehelseverkstad 1. april 2016 .....                       | 8  |
| Globale trendar .....                                                              | 9  |
| Klimaendring .....                                                                 | 9  |
| Globalisering .....                                                                | 10 |
| Teknologiutvikling .....                                                           | 10 |
| Urbanisering .....                                                                 | 10 |
| Aldrande befolkning .....                                                          | 11 |
| Ressursknappheit .....                                                             | 11 |
| Føringar frå kommuneplanens samfunnsdel som blir vidareført i planstrategien ..... | 12 |
| HOVUDFOKUSOMRÅDA – utfordringar, mål og strategiar .....                           | 13 |
| Nasjonalparkkommune og Nasjonal turiststig .....                                   | 14 |
| Regional samhandling .....                                                         | 14 |
| Vurdering av kommunen sitt planbehov 2020–2024 .....                               | 16 |
| Kommuneplanens samfunnsdel vedtatt 09.08.2017 .....                                | 16 |
| Kommuneplanens arealdel vedtatt 09.08.2017 .....                                   | 16 |
| Sektorplanar .....                                                                 | 16 |

## Innleiing

Kommunal planstrategi skal vere eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva for planoppgåver kommunen skal prioritere i planperioden for å møte kommunen sitt behov. Kommunal planstrategi er difor ikkje ein arena for å vedta mål og strategiar, men å drøfte utviklingstrekk i kommunen som samfunn og organisasjon som skal danne grunnlaget for å vurdere planbehovet i kommunestyreperioden. Føreseigna om kommunal planstrategi er nedfelt i plan- og bygningsloven § 10–1.

Gjeldande planar, politiske haldningar og prioriteringar ligg til grunn for dei planutfordringar og planbehov som kommunen har gjort. I samband med utarbeiding av regionale og kommunale planstrategiar, utarbeider regjeringa kvart fjerde år nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane er heimla i plan- og bygningslovens § 6-1, og peiker på omsyn som kommunane bør leggje vekt på i si planlegging. Dei nasjonale forventningane er relatert til fire store utfordringar:

- Å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at dei 17 berekraftmåla til FN, som Noreg har slutta seg til, skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er difor viktig at berekraftmåla blir ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga.



Figur 1 FN sine berekraftmål

## Kommunal planstrategi i Vågå

Kommunal planstrategi for Vågå 2020-2024 er den fjerde planstrategien som kommunen vedtek. Vågå kommunen var ein av to pilotkommunar i Oppland som vedtok planstrategi allereie i 2009. Planstrategien vart erstatta av ny planstrategi for Vågå 2012–2016 som vart vedtatt av kommunestyret den 26. juni 2012. Denne vart erstatta av planstrategi for Vågå 2016-2020 som vart vedtatt av kommunestyret 25. oktober 2016. Hovudfokuset i dei to føregåande planstrategiane var retta mot revisjonen av kommuneplanens arealdel og samfunnsdel som vart vedteken 09.08.2017. Kommunen har slik sett relativt ny kommuneplan, både arealdel og samfunnsdel og slik sett bør det ikkje vere behov for revidering av desse planane.

I 2017 vart det gjennomført statleg skredkartlegging innanfor delar av Vågå kommune. Vågåmo sentrum og Lalm var mellom anna område som vart kartlagt. Kartlegginga viser at store areal som er avsett til byggeformål, eksisterande og framtidig, ikkje har tilfredstillande sikkerheit med omsyn til naturfare, jf. pbl. § 28-1 og byggt teknisk forskrift. NVE – rapport nr. 64 – 2018 viser område som er kartlagt og faresoner.

Rapporten frå NGI viser at store delar av Vågåmo er utsett for jord- og flaumskred som ein følge av Finna. Dette inneber at store delar av sentrum er vist som fareområde jord- og flaumskred med nominell årleg sannsynlegheit på  $\geq 5000$ . Noko som gjev ei tryggleiksklasse for skred på S3. Klasse 3 omfatte bygg der det til dømes oppheld seg meir enn 25 personar, eller der det er store økonomiske eller samfunnsmessige konsekvensar. Dette vil t.d. vere ein bustad i kjede/rekkehus, blokk med meir enn 10 bueiningar. Arbeids- og publikumsbygg/brakkereg/overnattingstad der det normalt oppheld seg meir enn 25 personar. Skule, barnehage, sjukeheim og lokal beredskapsinstitusjon. Dette inneber at innanfor store delar av Vågåmo sentrum er det ikkje mogleg å etablere verksemd som kjem innanfor tryggleiksklasse S3. NVE vil starte arbeidet med eit moglegheitsstudie i løpet av 2020 for å sjå nærare på aktuelle løysingar for å beskytte Vågåmo sentrum mot flaum og skred. Det er ikkje tatt stilling til eventuell bistand til gjennomføring av konkrete sikringstiltak, da dette må vurderast nærare når resultatet frå moglegheitsstudiet føreligg. Inntil resultatet av moglegheitsstudie føreligg er det meste uavklart når det gjeld vidare utvikling av Vågåmo.

Ved revisjon av kommuneplanens arealdel vart det avsett areal for framtidig næring på Kolbotten på Lalm. Dette arealet ligg innanfor faresone for jord- og flomskred og steinsprang. Areal som er avsett til framtidig næringsareal på Lalm i kommuneplanens arealdel 2017-2027, er kanskje ikkje realiserbare fordi det vil bli for kostbart å opparbeide tomtane dersom ein må bygge skredvoll/steinspranggjerd, sette av vernskog i reguleringsplan, kjøpe grunn til ev. skredvoll og sjølv næringsstomtane. Kommunen må da vurdere om det er andre område i kommunen som kan vere egna for framtidig næringsareal. Må vurdere dette når ein veit meir om sikringsbehovet for å få tilfredsstillande tryggleik. Innanfor eksisterande næringsområde,

både på Lalm og i Vågåmo er det ledig næringsareal som ikkje er i bruk. Dette er areal som er i privat eige. Det bør arbeidast med å utnytte eksisterande næringsareal betre og kommunen bør gå i dialog med grunneigarar for å få utnytta desse areala betre. Det kan eventuelt vere aktuelt å gå i dialog med tanke på mogleg oppkjøp av tomter. Dette kan i realiteten vere ein billigare måte å få tak i næringstomter på enn å starte regulering av nye tomter i ras og skredutsette område. Som ein følgje av den uavklarte situasjonen med ras og flaum i kommunen bør ein legge inn at kommuneplanens arealdel bør reviderast for utvalde tema. Ein må avgrense revisjonen til berre å gjelde utvalde tema for å gjere revisjonsarbeidet så lite omfattande som mogleg.

Vågå kommune meiner det er viktig å drive planlegging for å sikre ein målretta og heilhetleg utvikling av Vågå som lokalsamfunn og kommune. Planlegginga skal vere behovsstyrt og ikkje gjerast meir omfattande enn nødvendig. Planar skal utformast med tydeleg og kortfatta innhald. Språket skal vere enkelt slik at planinnhaldet blir lett tilgjengeleg og forståeleg. Alle planar skal liggje oppdatert på kommunen si heimeside. Planlegginga skal byggje på ein realistisk vurdering av forventa utvikling og ressursar. Planlegging skal forankrast gjennom klare og gode planprosessar som sikrar medverknad. Som medlem av Trygt lokalsamfunn skal det gjennom alt planarbeid arbeidast med å førebygge ulykker og skader i lokalsamfunnet.

## Nasjonale, regionale og kommunale føringar

Som grunnlagsdokument for dei vurderingane som er gjort vil vi nemne følgjande sentrale, nasjonale og regionale føringar:

- Plan- og bygningslova med forskrifter
- Kommunelova med forskrifter
- Folkehelselova med forskrifter
- Helse- og omsorgstenesteloven
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming (1985)
- Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag og Forskrift om RPR for verna vassdrag (1994)
- Statlige planretningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging (2014)
- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Nasjonal retningslinje for luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520)
- MDs retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2012)
- Flaum- og skredfare i arealplanar (NVE retningslinjer nr. 2 – 2011). Revidert 22. mai 2014.
- Norge universelt utformet 2025. Regjeringens handlingsplan for universell utforming og økt tilgjengelighet 2009–2013
- Meld. St 11 (2019-2020) Digital transformasjon og utviklingspolitikk

- Meld .St. 6 (2019-2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderande fellesskapi barnehage, skule og SFO.
  - Meld. St. 19 (2018-2019) Folkehelsemeldinga
  - Meld. St. 5 (2019-2020) Levande lokalsamfunn for framtida
  - Meld. St. 18 (2018-2019) Helsenæringen
  - Meld. St. 11 (2018-2019) Kvalitet og pasientsikkerhet 2017
  - Meld. St. 10 (2018-2019) Frivilligheita- sterk, sjølvstendig og mangfaldig
  - Meld. St. 15 (2017-2018) Leve hele livet
  - Meld. St. 41 (2016-2017) Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid
  - Meld. St. 33 (2016-2017) Nasjonal transportplan 2018-2029
  - Meld. St. 18 (2016-2017) Berekraftige byar og sterke distrikt
  - Meld. St. 18 (2015-2016) Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet
  - Meld. St. 14 (2016-2016) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold
  - Meld. St. 19 (2014-2015) Folkehelsemeldingen – Gode liv i eit trygt samfunn
  - Meld. St. 33 (2012-2013) Klimatilpassing i Norge
  - Meld. St. 17 17 (2012–2013) Byggje-bu-leve
  - Meld. St. 15 (2011-2012) Hvordan leve med farene – om flom og skred
  - Meld. St. 9 (2011–2012) Landbruks- og matpolitikken
  - Meld. St. 39 (2008-2009) Klimautfordringene - landbruket en del av løsningen
  - Meld. St 40 (2015-2016) Samordning og organisering av trafikksikkerhetsarbeidet
  - Meld. St. 20 (2006-2007) Nasjonal strategi for å utjevne sosiale helseforskjeller
  - Meld. St. 16 (2004–2005) Leve med kulturminne
- 
- Regional planstrategi i Innlandet
  - Regional plan for folkehelse i Oppland 2018-2022
  - Regional plan for klima og energi for Oppland 2013–2024
  - Regional plan for samfunnssikkerhet og beredskap 2014–2017
  - Regional plan Ottadalsområdet
  - Fylkesplan for Oppland 2005 – 2008 – Mulighetenes Oppland
  - Jordvernstrategi for Oppland 2007 – 2011
  - Regional plan for attraktive byer og tettsteder i Oppland

Oversikta er ikkje uttømmende.

## Regional planstrategi

Innlandet fylkeskommune skal vedta regional planstrategi til hausten. Arbeidet med å få revidert planen har blitt forsinka grunna utbrøtet av koronaviruset. Den regionale planstrategien gjer greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, og vurdere langsiktige utviklingsmoglegheiter. Strategien skal også gje ein oversikt over prioriterte planoppgåver på regionalt nivå. FNs berekraftsmål blir lagt til grunn for arbeidet og i regional planstrategi er det valt ut fire tverrfagleg satsingsområde:

- Innbyggere  
Det skal vere godt å bu, leve, kobe og utdanne seg i innlandet. Vi ønskjer at fleire skal flytte hit og tilbringe tid i fylket.

- **Innovasjon**  
Vi skal ha vilje til utvikling og skal alltid leite etter bedte løysingar. Innovasjon , både i offentleg og privat sektor, skape nye arbeidsplassar.
- **Inkludering**  
Vi skal bygge det inkluderande innlandet og feire mangfaldet. Alle skal kjenne tilhøyre og tryggleik.
- **Infrastruktur**  
Vi må sikre grøn mobilitet, nye møteplassar og tilgjenge i eit vidstrakt fylke. Difor investerer vi i veg, kollektivtrafikk og digital infrastruktur.

## Kommunebiletet for Vågå kommune

Fylkesmannen presenterer årleg såkalla "kommunebilder" som viser situasjonen i kommunen for ulike prameter, basert på tilgjengeleg KOSTRA-statistikk med meir. Kommunebiletet for Vågå kommune viser slike hovudtrekk:

### Grøne område:

**Kommuneøkonomi:** Kommunen planlegg for gode netto driftsresultet i økonomiplanperioden 2019-2022. Kommunen har høgt gjeldsnivå og gjeldsbyrde, men planlegg for moderat investeringsnivå. Fleire eldre vil krevje omstilling. Kommunen blir vurdert til å ha stor grad av økonomisk handlefridom.

**Samfunns- og arealplanlegging:** Ny kommuneplanens arealdel og samfunnsdel. God kompetanse på planområdet.

**Barnevern:** Har inngått interkommunalt samarbeid med Sel, Skjåk og Lom kommunar. Deltek i eit samarbeid om akuttberedskap med kommunane i Nord-Gudbrandsdals regionen. Har gitt større fagmiljø og mindre sårbare tenester, noko som gir betre sikring av at barn får hjelp.

**Rus- og psykisk helse:** Kommunen har fått tilskot og saman med Lom og Skjåk tilsett psykolog i helse- og omsorgstenesta. Har gjennomført eigenkartlegging i Brukarplan. Handlingsplan for førebygging av sjølv mord og sjølvskading er kjent og implementert. Har fått tilskot til å starte opp FACT team.

**Helse og omsorg:** Kommunen har god legedekning på sjukeheimen og jobbar godt med å styrke heimebaserte tenester i tråd med nasjonale målsettingar. Årsverk med helseutdanning inkludert sjukepleiarar ligg over landssnittet.

**Sosiale tenester:** Få unge som tek imot sosialhjelp og kommunen brukar elektronisk søknadsskjema for økonomisk sosialhjelp.

**Folkehelse:** Kommunen har god oversikt over helsetilstanden i befolkninga.

**Samfunnstryggleik:** Godt ivareteken.

### Gule område:

**Skule:** Dei siste tre åra (2016-2019) har elevane i Vågå 40,6 grunnskulepoeng i snitt. Landssnittet i same periode er 41,7

**Rus- og psykisk helse:** Kommunen har ikkje oversikt over kor mange personar som tek kontakt om vald i nære relasjonar, eller oversikt over personar som er registrert som utsett for seksuelle overgrep.

**Sosiale tenester:** Kommunen har ikkje plan mot vald i nære relasjonar.

**Klima:** Gamal klima- og energiplan. Kommunen bør ha forsterka innsats med klimatiltak.

**Samfunnstryggleik:** Merknader ved tilsynet i 2016 omhandla utarbeiding av eige risikobilete for kommunen; plan for informasjon og kommunikasjon, definisjon av målgrupper og bruk av sosiale media.

**Landbruk:** Vert gjennomført for få risikobaserte kontrollar av skogbrukstiltak.

### Raude område:

**Barn og unge og læringsmiljø:** Over fleire år viser resultata frå frå elevundersøkinga at relativt mange elevar seier at dei har blitt mobba.

**Helse og velferd:** Kommunen har lite bruk av vilkår om aktivitet jf. Stl §§20a. Dei bør rette ein innsats for å tilby tilrettelagd aktivitet til personar i målgruppa. Kommunen si eigenvurdering tyder på at kommunen ikkje gjennomfører systematiske tilsyn med miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

## Folkehelseoversikt og folkehelseverkstad 1. april 2016

Folkehelseoversikt for Vågå kommune frå 2019 er nytta som eit viktig grunnlagsdokument og ei samanfatta versjon ligg som vedlegg til planstrategien. Vågå kommune hadde i 2016 eit folkehelseverkstad der følgjande tema vert trekt ut til å vere hovudutfordringar/satsingsområde i Vågå:

- Psykiske plager og lidningar
- Fråfall vidaregåande skule
- Fysisk (in) aktivitet
- Arbeidsplassar

Den nye oppdaterte folkehelseoversikta frå 2019 viser at dette også er område som bør ha fokus vidare framover i denne planperioda. Det er difor viktig å sikre at kommunen har eit oppdatert planverktøy innanfor desse tema, slik at kommunen har ein plan for korleis desse utfordringane skal møtast og løysast. Under overskrifta *Vurdering av kommunen sitt planbehov 2020-2024*, kjem det fram kva for planar kommunen skal utarbeide i planstrategiperioden. Folkehelseoversikt og dokumentet *utviklingstrekk og utfordringar for Vågå kommune* summerer opp kva for utfordringar kommunen står ovanfor dei neste fire åra. Desse dokumenta ligg som vedlegg til planstrategien.

## Globale trendar

Samfunnet er i stadig endring og det er nokre tema som er trekt fram som ein globale trendar i innlandet som også gjeld for Vågå kommune:

- Klimaendringar
- Globalisering
- Teknologikutvikling
- Urbanisering
- Aldrande befolkning
- Ressursknappheit

## Klimaendring

Klimaendringane er ein viktig utfordringa i tida framover med aukande temperaturar, endra naturlandskap, smelta isbrear, press på truga økosystem og artar, meir ekstremver og meir naturskade på infrastruktur. Utslepp av klimagassar er avgjerande for kor store klimaendringar vi kjem til å oppleve. Med reduserte utslepp av klimagassar vil klimaendringane bli mindre og difor er reduksjon av CO<sub>2</sub> utslepp og klimatilpassing viktig.

For Vågå sin del vil truleg endra nedbørsmengde vere ei stor utfordring. Årsnedbøren i Noreg har auka med rundt 20 % etter 1900 og den største aukinga har vore etter 1980.

Klimaframskrivingar tyder på følgjande:

- Årsnedbøren vil fortsette å auke, i gjennomsnitt med 5–30 % mot slutten av hundreåret.
- Det blir fleire dagar med nedbør, og total mengde nedbør blir større for desse dagane.
- Risiko for problem knytt til overflatevatn på vinterstid vil kunne auke på grunn av tele i bakken, snøsmelting og kraftig regn. Det er difor viktig at handtering av overflatevatn blir tilpassa endringar i klima og nedbør.
- Vågå ligg i ein del av landet der det har vore lite nedbør og det er ei utfordring at naturen ikkje er budd på ekstremnedbør som i andre delar av landet. Ved store mengder med nedbør er det stor fare for utrasing av lausmasse i dalsidene.

Den største klimautfordringa er aukande utslepp av klimagassar frå land med veksande økonomiar. Det er likevel viktig at Vågå kommune bidreg til å nå det nasjonale målet om å redusere utsleppa. Vågå kommune har hatt fokus på klimatilpassing og beredskap i samband med revisjonen av kommuneplanen. Det har vore mindre fokus på utslepp av klimagassar og klimatilpassing. Vågå kommune har ein klima- og energiplan som byrjar å bli nokre år og det er difor planlagt at denne planen skal reviderast i løpet av dei neste 4 åra. Vågå kommune og dei andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen ønskjer å få til eit regionalt samarbeid om å revidere kommunane sine klima- og energiplan.

## Globalisering

Verden blir stadig mindre med digitalisering og internett. Globalisering er eit uttrykk for aukande grad av samhandling, integrasjon, påverknad og gjensidig avhengigheit mellom folk og statar innanfor område som økonomi, teknologi, kultur, politikk og økologi. Globalisering er med og gjer at avstandar og statsgrensar blir mindre viktig. Dette ser vi mellom anna i samband med utbrotet av koronaviruset. Eit virus som hadde sitt opphav i Asia blir fort også ein pandemi i Noreg og resten av verda fordi folk reiser så mykje. Globalisering gir også eit breiare tilbod av varar, tenester og opplevingar, og gjer at næringslivet har eit større markand, samstundes som det blir meir konkurranse.

## Teknologiutvikling

Innovasjonstakten er stadig aukande og teknologiutviklinga går stadig raskare. Koronakrisa har mellom anna ført til at bruken av digitale møterom har auka mykje under krisa. Vi går mot ein verden der folk stadig tilbringar meir og meir tid i den digitale verden og den digitale og fysiske verden smeltar meir saman. Folk, bedrifter, kommunen med meir kan difor vere i sentrum for utviklinga sjølv om ein fysisk er i utkanten. Det er difor viktig at Innlandet og Vågå kommune har god tilgang til internett og vidare utbygging av breiband vil vere viktig. Teknologien har også ei bakside og mangel på informasjonstryggleik må vere i fokus.

## Urbanisering

Urbanisering er eit av dei mest sentrale utviklingstrekkane ved verdens samfunnet i vår tid. Folk trekkar inn mot byar og tettstader for arbeid og bustad. Dette er ein trend som er vanskeleg å snu, noko heile Gudbrandsdalen har fått erfare. Folketal og demografi er ei utfordring for Vågå kommune som gjennom fleire år har hatt ein gradvis nedgang i folketal. Per 1. januar 2019 er det 3583 innbyggjarar i Vågå kommune. Det var 552 færre innbyggjarar per 1. januar i 2019 enn i 1985. Berre frå 1. januar 2016 og til 1. januar 2019 har folketalet gått ned med 81 personar. Det blir født færre ungar og dei siste åra har det i snitt blitt født 30 stk. i året, medan det i snitt døyr dobbelt så mange. Vågå kommune er difor avhenging av tilflytting for å unngå befolkningsnedgang. Vågå kommune har hatt positiv nettotilflytting i fleire år, med unntak av 2018. Det har i Vågå og regionen vore arbeidd med å trekke til seg

nye innbyggjararar gjennom mellom anna nettsida *Våg å leve i Norddalen og stillingssleppet for Nord-Gudbrandsdal*. Det er viktig at dette arbeidet blir vidareført i tida framover. Det er viktig å vere klar over at urbanisering gjer seg gjeldande også innan kommunen. Mange vil bu i Vågåmo sentrum og ikkje ute i grendane. Dette gjeld også yngre folk og ikkje berre eldre. Det må difor vere tilgang til nok bustadtomter som ligg sentrumsnært.

### **Aldrande befolkning**

Aldrande befolkning er ein global trend som slår inn enda tidlegare i Innlandet enn resten av landet. Basert på middels vekst er det forventa at samla folketal i Vågå er stort sett uendra i 2030. Dette skuldast at folk lever stadig lengre og Vågå kommune får difor stadig fleire eldre og færre unge innbyggjarar. Dette er utfordrande for kommunen på fleire område, men ei trend som er vanskeleg å snu ettersom samla fruktbarhetstal for Noreg er på 1,56 barn per kvinne. For Innlandet er dette talet endra lågare, berre 1,51. Dette er det lågaste talet som nokon sinne er målt. For at folketalet skal oppretthaldast må fruktbarhetstalet vere på 2,1. Det er generelt positivt at folk blir eldre og den aldrande befolkninga må brukast som ein ressurs. Det er difor viktig at det blir lagt til rette for at eldre kan stå lengre i arbeid. Tidlegare har det vore vanleg å tenke på eldre menneskjer som mottakarar av frivillige tenester, men nye rapportar viser at seniorar er meir frivillige enn resten av befolkninga. Frivillig arbeid gir også auka livskvalitet og gjer at dei eldre held seg friskare lengre.

Vågå kommune og landet elles må tilpasse seg endringar i demografien. Det betyr at Vågå kommune må ta innover seg at befolkningssamansetninga endrar seg naturleg. Direkte vil dette bety at ressursar må skyvast tilsvarande og at dei eldre blir brukt som ein ressurs der dei kan. Denne demografiske endringa og tilgang på ressursar er mykje av botnplanken i helse og omsorgsprosjektet for Vågå kommune.

### **Ressursknappheit**

Verda står samla sett ovanfor ein ressursknappheit. Mange stader i verda er det knappheit på viktige ressursar som reint vatn, trygg mat, rein luft, energi, areal og mineralar. Det betyr at det må utviklast løysingar for å bruke ressursane meir effektivt. Innlandet og Vågå kommune har god tilgang på mange av desse ressursane. Innanfor Vågå kommune er det per dags dato knappheit på areal for næringsareal og sentrumsnære ubebygde bustadtomter. Dette er to viktige faktorar for å trekke til seg nye innbyggjarar. Faresoner for ras-, jord- og flaumskred, samt av Vågåmo er omgjeve av dyrka mark gjer det vanskeleg å finne areal for framtidig utbygging av næring og bustader.

## **Føringar frå kommuneplanens samfunnsdel som blir vidareført i planstrategien**

Vågå ligg sentralt til som innfallsport både til Jotunheimen og Reinheimen nasjonalparkar og vi er ein nasjonalparkkommune. Vågå byr på eit mangfald av moglegheiter for både tradisjonelt friluftsliv med fotturar, tinderangling, jakt og fiske i flotte fjellområde. Vågå har eit variert næringsliv, gode fritids- og rekreasjonstilbod, eit kulturtilbod av høg kvalitet og allsidig innhald, gode oppvekstvilkår med full barnehagedekning og ein god skule. Vågå kommune ønskjer å fokusere på utvikling og moglegheiter og ta vare på grunnleggjande verdiar og miljø. Gjennom deltaking i Trygt lokalsamfunn blir det arbeidd med å førebygge ulukker og skader i lokalsamfunnet. Kommunen legg vidare til rette for utvikling av lokalsamfunnet gjennom samarbeid med m.a. næringsliv og frivillige lag og organisasjonar.

Den som vel å flytte til Vågå, og bu i Vågå, skal kjenne seg trygg på at det er ein god stad å bu gjennom alle fasar i livet. Å bu i Vågå, og å flytte til Vågå, handlar om eit livsstilsval. Vågå ønskjer å vere synleg i ulike samanhengar og kanskje på litt utradisjonelle arenaer. Den kommunale tilflyttartenesta er viktig for å hjelpe nye innbyggjarar til rette i bygda.

I Vågå skal det liggje til rette for å leve det gode liv. Vågå er – og skal vere – eit verdival.

Vågå kommune sin visjon er: **VÅGÅ – EIT VERDIVAL**

Vågå kommune skal vere ein inkluderande kommune med Vågåmo som eit levande og attraktivt kommunesentrum for fastbuande og tilreisande.

Kva vi legg i det:

- Inkluderande
  - Vi ser og tek vare på kvarandre
  - Vi er ein kommune det er godt å bu og flytte til
  - Vi ønskjer å få fram det beste i alle
- Levande
  - Vi skal ha eit aktivt nærings- og organisasjonsliv
  - Vi skal ha gode møteplassar
  - Vi skal ha lys i alle glas
- Attraktivt
  - Vi er stolte over bygda og det vi har
  - Vi skal legge til rette for utvikling og folketalsauke
  - Vi skal vareta innbyggjarane sine behov

## HOVUDFOKUSOMRÅDA – utfordringar, mål og strategiar

I lys av visjonen «Vågå – eit verdival», og for å gjere Vågå kommune meir attraktiv som bu- og tilflyttingskommune, vart det sett ekstra fokus på fire tema i kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 som vil bli vidareført i neste planperiode:

- Levekår
- Næringsutvikling
- Stadutvikling
- Klima, beredskap og samfunnstryggleik

Innanfor kvart av desse fire hovudfokusområda er ulike satsingsområde nærare omtalt. Satsingsområda viser kva kommunen ønskjer å rette særskilt fokus på i planperiode. Innanfor kvart satsingsområde er det definert mål. Det er vidare sett opp kva strategiar og vegval kommunen meiner må til for å nå måla.

Satsingsområde:

- Ein god start i livet – tidleg innsats (jf. også intensjonane i satsinga Vaken og Vågal)
- Eit godt arbeidsliv
- Eit samfunn som fremjar ein aktiv, trygg og frisk alderdom
- Inkludering, integrering, deltaking og medverknad
- Nærmiljø som fremjar god helse
- Systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid
- Styrke eksisterande bedrifter og utvikle nye arbeidsplassar
- Skape fleire arbeidsplassar innan kultur- og naturbaserte næringar
- Utvikle ein sterkare gründerkultur i Vågå
- Vågåmo – meir synleg og attraktiv som besøks- og handelsstad
- Attraktive bustadtilbod i og nær Vågåmo sentrum
- Gode møteplassar og grønstruktur for alle i sentrum
- Framtidsretta løysingar for veg, trafikk og parkering i Vågåmo
- Vågå næringspark og Lalm industriområde – vidareutvikle til eit attraktivt handels- og næringsområde
- Byggeskikk – identitet og heilskap

- Ha eit trygt og robust lokalsamfunn med ein kompetent beredskapsorganisasjon

I samfunnsdelen er det ei nærare omtale av kvart satsingsområde om kva som er utfordringar, mål og strategiar/vegval.

### Nasjonalparkkommune og Nasjonal turiststig

Vågå kommune er del av Nasjonalparkriket reiseliv og fekk i 2019 fornya statusen som nasjonalparkkommune. Denne statusen må innarbeidast i heile organisasjonen i neste planperiode ettersom det er eit kriterium for å vere nasjonalparkkommune under merkevaren Norges nasjonalparker. Eit lite utval stiger kan også bli autorisert som Nasjonal turiststig og det blir arbeidd med å få denne statusen for Besseggen turiststig. Det må difor gjennomførast ei mindre revidering av kommuneplanens samfunnsdel i løpet av planperioden. Alle planar som blir revidert i løpet av planstrategiperioden må implementere kriterium for nasjonalparkkommune og Besseggen som Nasjonal turiststig. Dette er nedfelt i ein handlingsplan som viser kva for tiltak kommunen vil gjere for å innarbeide kriterium i kommunen sitt planverk og i verksemda elles.

### Regional samhandling

Vågå kommune deltek i ein rekke regionale og interkommunale samarbeid. Dei viktigaste er omtalt her.

**Regionrådet for Nord-Gudbrandsdalen (6 kommunar)** saman med kommunane Lesja, Dovre, Sel, Lom og Skjåk. Regionrådet er eit politisk organ som m.a. skal fremje regionen sine interesser gjennom:

- å leggje til rette for næringsutvikling, med særleg vekt på gode vilkår for nyetableringar, vidareutvikle eksisterande næringsliv og etablering av offentlege arbeidsplassar
- politisk interessearbeid overfor overordna myndigheiter i distriktpolitiske spørsmål.
- å samordne kommunane sine høyringsuttaler der ein finn det tenleg.
- interkommunale samarbeidstiltak
- å profilere regionen som ein attraktiv tilflyttarregion

**Regiondata.** Saman med dei fem andre kommunane i regionen deltek Vågå i det regionale IT samarbeidet Regiondata.

**Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter (NGLMS.)** er etablert i eit samarbeid mellom Regionrådet for Nord-Gudbrandsdal, Sel kommune og Sykehuset Innlandet HF. Sel kommune er vertskommune for samarbeidet og fleire spesialisthelsetenester og interkommunal jordmorvaktordning er etablert i bygget.

**Nord-Gudbrandsdal Renovasjonsselskap (NGR).** Interkommunalt selskap for felles renovasjonsordning for kommunane i Nord-Gudbrandsdalen.

**Kartsamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen (NGGIS).** Formalisert samarbeid om forvaltning av geodata og levering av karttenester.

**Fjellregionsamarbeid.** Saman med dei fem andre kommunane i regionen deltek Vågå i eit samarbeid.

**Vågå og Sel landbrukskontor.** Vågå kommune er vertskommune for felles landbrukskontor for Vågå og Sel.

**Vågå har felles regionale PPT- teneste (6 K) og barnevernsteneste (4 kommunar).** Det er Sel kommune som er vertskommune.

**6K skule, 6K barnehage og 6K helse.** Kommunane har samarbeid innan både skule og helse.

**6K Personal/økonomi.** Kommunane har samarbeid innan både personal og økonomisaker.

**6K Næring.** Kommunane har samarbeid innan næringsrelaterte oppgåver.

**6K Tilsyn i byggesaker.** Kommunane har samarbeid om tilsyn.

**Interkommunalt arkivselskap.** Kommunen er tilslutta det interkommunale arkivselskapet IKA Opplandene som tilbyr arkivdeponering, opplæring og fagleg samarbeid.

**Brann.** Samarbeid på brann har vore eit mykje omtala tema dei siste åra. I oktober 2020 vart det inngått avtale med Sel kommune om sal av brannsjef og leiar førebyggjande. Dette utgjer til saman 60 % stilling. Vågå kommune har også seld feiartenestar til Sel kommune frå mai 2020. Dette blir sett på som det fyrste seg i arbeidet med å få til eit felles brannvesen for Vågå og Sel kommunar.

Vågå kommune vil vidareføre sitt samarbeide med kommunane i Nord-Gudbranddalen og vidareføre samarbeidsavtaler med andre kommunar for felles løysning av forvaltningsoppgåver. Kommunen vil dei neste fire åra delta i ein rekke regionalt samarbeid og sjå på moglegheita for å slå seg saman med andre kommunar.

## Vurdering av kommunen sitt planbehov 2020–2024

**Kommuneplanens samfunnsdel vedtatt 09.08.2017** – vidareførast, men det blir ei mindre endring for å implementere kriteria for nasjonalparkkommunar og implementering av Besseggen som Nasjonal turiststi.

**Kommuneplanens arealdel vedtatt 09.08.2017** – revidering av areal for framtidig næringsareal og eventuelt andre utvalde tema. Implementering av kriteria for nasjonalparkkommunar og Besseggen som Nasjonal turiststi .

### Sektorplanar

#### Skule og barnehage

- Grunnskuleplan for Vågå 2020-2023 - vidareførast
- Barne- og ungdomsplan 2016–2019 – skal reviderast, skal vere ekstra fokus på å førebyggje og redusere fråfall i skulen.
- Rammeplan for barnehagane – reviderast kvart år
- Felles flyktningplan for midt- og Nord Gudbrandsdal 2014 – 2018 – skal reviderast

#### Kultur, idrett og friluftsliv

- Kommunal plan for anlegg innan idrett og friluftsliv i Vågå kommune 2020 - 2024 - vidareførast
- Kulturskuleplan 2020-2024 – vidareførast
- Plan for kartlegging og verdsetting av friluftsområde – ny plan 2021
- Plan for kultur – ny plan 2022/23
- Plan for frivilligheit og livslag læring – ny plan 2022/23

#### Omsorg, helse og rehabilitering

- Etablering av ny helse og meistringsplan for Vågå kommune i 2021
  - Vil innehalde diverse handlingsplanar som underplanar.
- Regionplan for helsesamarbeid i Nord-Gudbrandsdalen
- Plan for helsemessig og sosial beredskap – skal reviderast
- Bustadsosial plan 2019-2022 – ny plan, revidering kvart 2. år.
- Smittevernplaner utarbeida i fellesskap med 6K – blir gått gjennom kvart år.
- Interkommunal ruspolitisk handlingsplan 2016–2020 – under revidering i 2020
- Plan for fysioterapi og habilitering/rehabilitering 2016–2021 – skal reviderast 2021
- Ulike temaplanar, t.d.
  - Handlingsplan og prosedyrer mot vold i nære relasjonar utarbeida i fellesskap med 6K 2015-2018

- Handlingsplan for forebygging og håndtering av hatkriminalitet, radikalisering og voldelig ekstremisme for 2017-2020
- Handlingsplan for kreftomsorgen utarbeida i fellesskap med 6 K 2017-2020
- Fagplan for arbeid med psykisk helse og rus 6K

### **Landbruk og næring**

- Felles beitebruksplan for Sel og Vågå 2018-2027 - vidareførast
- Felles landbruksplan for Sel og Vågå 2020-2024 – vidareførast
- Tiltaksplan for næringsarbeid – årleg rullering

### **Plan, miljø og teknisk infrastruktur**

- Klima- og energiplan 2011 – skal reviderast. Samarbeid med dei andre kommunane i Nord-Gudbrandsdalen
- Kulturminneplan for verneverdige bygningar og bygningsmiljø i Nordherad 2018 - vidareførast
- Kommunedelplan for seterkultur i Vågå kommune, Del 1 Randsverk – Sjødalen 17.11 2009 – vidareførast.
- Trafikktryggleiksplan 2018 – 2020 – skal reviderast
- Hovudplan veg 2017-2027 - vidareførast
- Hovudplan vatn- og avløp 1997 – skal reviderast
- Tiltaksplan for vatn- og avlaup Vågåmo 2018 – vidareførast
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysar – revidert 2020
- Overordna beredskapsplan– reviderast 2021

### **Kommuneøkonomi**

Planbehovet er dekkja gjennom årleg rullering av handlingsplan og økonomiplan.

### **Interkommunal plan**

- Strategisk plan – Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal